

Naustforeininga Nytt i Naust  
Ved Sverre Sangolt  
Skogsvågvegen 34  
5382 Skogsvåg

10. oktober 2022

**Statsforvaltar Liv Signe Navarsete**

**Vestland fylke**

Først og fremst vil vi gratulera deg med ny stilling som statsforvaltar i Vestland. Dette er ein svært viktig posisjon for fylket vårt, særleg med omsyn til utvikling og vern av viktige natur- og kulturverdiar i vårt store og mangearta fylke.

Vi som skriv dette er laget «Nytt i Naust» - eit lag som er opptatt av og representerer den kulturarven som naust, sjøbuer, nothengjer og kaier utgjer, frå ytst langs kyststripa og til langt innover fjordane. Den levande kystkulturen, det er der vi møtes - i strandsona.

Vi stiller oss bak Riksantikvaren sitt syn for vern av desse bygningane, som av naturlege grunnar ligg i 100 meter-beltet, nemleg vern gjennom ny bruk. I følgje Riksantikvaren er bygningsmassen langs kysten vår i urovekkjande sterkt forfall. "Nytt i Naust" prøver å hegne om denne materielle kulturarven gjennom å utvikle forskjellige former for nye næringar og aktivitet i desse bygningsmiljøa; her under det immaterielle handverket som er innvevd i kystkulturen. Så langt er dei fleste på lag med oss, kva angår både lokalmiljø, lokalpolitikarar og kulturvernorgan og etatar.

Men vi må diverre melde frå at Statsforvaltaren i Vestland si rolle knytt til prosessar og forvaltningspraksis i desse sakene, har utvikla seg til å verta ein svært ressurskrevjande instans for både kommunar og for partar. Det er til å misse motet av. Dei mest enkle og bagatellmessige tema med omsyn til restaureringsarbeid som lokale mynde velsignar, vert oppblåst til uforståeleg og kompleks juss når sakene kjem til statsforvaltaren. Dette er gjerne saker som oppstår i utkantane våre og er prega av at entusiastar prøver å ta fatt i bygningar og skape kultur, næring, byrgskap og trivsel, eit levande lokalmiljø. Vi kjenner til svært mange av desse sakene i Vestlands-kommunane, og meiner at statsforvaltarembetet ikkje har makta å finne den gode balansen mellom lokaldemokratiet og statleg styring, eller

mellan nasjonale interesser og bagatellar. Grunnen til at mange av desse sakene som oppstår på nettopp dette feltet, er at dei ikkje er i plan eller planlagde, og dermed krev dispensasjon. Dei oppstår som ei tilfeldig sak. Dermed er løpet køyrt.

Vi har med glede lest ditt «introduksjonsintervju» i avis Hordaland i vår. Det går av dette fram at du meiner at:

- Statsforvaltaren ikkje berre er ein instans som kontrollerer og fører tilsyn, men som også kan bidra til initiativ til utvikling.
- Statsforvaltaren skal opptre smidig i det store spennet som ligg mellom distrikt og sentrum i fylket.
- Fråflyttingsområda har andre utfordringar, som er i skarp kontrast til sentrum og pressområde, og bør handsamast ulikt.
- Du erkjenner at distriktpolitikk er viktig del av arealpolitikken og ser behovet for at differensiering i arealpolitikken er viktig for at folket i fylket kjenner seg att i situasjonsbeskrivinga.

Vi vil leggje til: Vi innser at respekten for lokaldemokratiet kan vere utfordrande å handtere på fylkesnivå, men vi vert gang på gang forbløffa over statsforvaltaren sine avgjerder, klager og motsegner. Det rammar både kommunar og partar, kommunar som i utgangspunktet gjerne er nærings- og folkefattige. Eller som ikkje har ressursar til å stå opp imot statsforvaltaren. Kontoret må i mykje større omfang utøve sitt mynde i pakt med det faktiske og konkrete utfordringsbilde. Vi og våre medlemer (og kommunar) opplever statsforvaltaren svært ofte som detaljorientert, skriv uforståelege og lange brev, hekter seg opp i uvesentlege sider, inviterer til omkampar og lange kostbare prosessar, både i tid og pengar. Alminneleg godt folkeleg skjøn er mangelvare, trumfa av spissfindig juss.

Vi legg ved 4 saker om illustrerer dette:

#### 1. Øygarden kommune:

Statsforvaltaren og kommunen seier nei til flytebryggje i eit området som i arealplanen er sett av til «naustområde». Nausta ved Vorlandsjø er over 100 år gamle, det nyaste vart sett

opp for omlag 8 år sidan. Her er aktiviteten og kulturmiljøet halde i hevd. Folk vert eldre og ei flytebrygge er ein sikker måte å koma seg ut av båten på.

28 dokument, saka er ikkje ferdighandsama.

[https://innsyn.onacos.no/oygarden/postliste/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2020015382&](https://innsyn.onacos.no/oygarden/postliste/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2020015382&)

## 2. Øygarden kommune:

Statsforvaltaren går mot frådeling av nausttomt, med eit eksisterande naust på. Området er i arealplanen sett av til «naustområde». Trass dette argumenterer Statsforvaltaren som om det skulle vore eit LNF område. Dette er eit arveoppgjer, og ei frådeling endrar ingen praktiske forhold i området.

23 dokument, saka er ikkje ferdig handsama.

[https://innsyn.onacos.no/oygarden/postliste/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2021025651&](https://innsyn.onacos.no/oygarden/postliste/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2021025651&)

## 3. Osterøy kommune:

Utfordringane til Den grøne fabrikken i Mjøsvågen.

Mjøsvågen har hatt LivOgLyst prosjekt og lever faktisk meir opp til føringane enn det som Statsforvaltaren marknadsfører. Fabrikken sto tom, no er det aktivitet med mellom anna skuleungar, kunst, utstillingar, ein samlingsstad og flytande badstove. Under den 4-årige prosessen med søknader har både kommune og fylkesmannen/statsforvaltaren prøvd å stoppa denne folkelege aktiviteten. No er det signal om eit mellombels løyve for gangveg til flytande badstove, som skal vara i fire år.

[Arkivsak 22/2533 - Byggesak GBNR 92/9 Holo - Søknad om løyve til tiltak - Landgang til flytande badestove - Osterøy kommune \(sing.no\)](#)

<https://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfdocument.ashx?jurnalpostid=2020067078&dokid=357396&versjon=1&variant=A&>

4. Alvær kommune:

I Eknesvågen står den gamle butikken til nedfall. Lokale krefter har i mange år drive oppgradering og halde kulturmiljø i hevd. Bygningen har vore til skam for nærmiljøet. No ser det ut til å bli ei løysing på dette. Likevel argumenterer statsforvaltaren om at kulturmiljøet vert skadelidande. Med oppgradering av området skapar det aktivitet og fokus på historia og ikkje minst folkeleg aktivitet på kaien, der det før var svært høg menneskeleg aktivitet. Sjå link der Arne Høyland skildrar området. Også link til offentlege dokument.

[https://www.miljolare.no/aktiviteter/kulturminner/vart/resultater/?a\\_id=799555&fbclid=IwAR3dw\\_D40yOFFUuV1DEcxbFvs7Oeyg1yrFwUTcpPNEWrY6y7UIJBtj8UrMg](https://www.miljolare.no/aktiviteter/kulturminner/vart/resultater/?a_id=799555&fbclid=IwAR3dw_D40yOFFUuV1DEcxbFvs7Oeyg1yrFwUTcpPNEWrY6y7UIJBtj8UrMg)

[https://innsyn.sing.no/alver/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2021011642&](https://innsyn.sing.no/alver/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2021011642&)

<https://innsyn.sing.no/alver/innsyn/wfdocument.ashx?jurnalpostid=2021116375&dokid=1720630&versjon=1&variant=A&>

Vi ynskjer å invitere deg ut til ein kommune slik at vi kan vise fram resultatet av godt, lokalt restaureringsarbeid og vise deg dei utfordringane vi støyter på.

Helsing styret i Naustforeininga Nytt i Naust.

Sverre Sangolt (Leiar)

Anita Fedøy      Asbjørn Stavland      Per Gunnar Hettervik      Håvard Kalve